

BACHELOROPPGÅVE

Dei yngste barna i møte med barnehagen

– tilvenning i barnehagen

av

Kandidatnummer: 105

Kjersti Dalatun

Barnehagelærerutdanning

BLU3-1006

Januar, 2016



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Skriv inn tittel) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kjersti Dalatun

kandidatnummer og namn

JA NEI

kandidatnummer og namn

JA NEI

kandidatnummer og namn

JA NEI

Innholdsliste

1.0 Innleiing	4
1.1 Problemstilling.....	4
1.2 Avgrensning og begrepsavklaring.....	4
2.0 Design og metode.....	5
2.1 Kvantitativ og kvalitative metodar	5
2.2 Pilotstudiet	5
2.3 Metode	5
2.4 Utval av informantar	6
2.5 Datainnsamling.....	6
2.6 Validitet og reliabilitet.....	7
2.7 Analyse og bearbeiding av data	7
2.8 Feilkjelder og kjeldekritikk.....	8
2.9 Etske omsyn.....	8
3.0 Teori.....	9
3.1 Tilvenning	9
3.2 Tilknytning og trygghet.....	10
3.3 Samarbeid med primærkontakt	11
3.4 Samarbeid med foreldre	12
4.0 Empiri	13
4.1 Tilvenning	14
4.2 Tilknytning og trygghet.....	15
4.3 Samarbeid med primærkontakt	16
4.4 Samarbeid med foreldre	17
5.0 Drøfting.....	18
5.1 Tilvenning	18
5.2 Tilknytning og trygghet.....	20
5.3 Samarbeid med primærkontakt	21

5.4 Samarbeid med foreldre	23
6.0 Avslutning.....	24

Vedlegg 1: Informasjonsskriv om bachelorprosjekt

Vedlegg 2: Intervjuguide

1.0 Innleiing

I denne oppgåva har eg valgt å ta for meg temaet tilvenning. Grunnen til at eg har valgt dette temaet er fordi eg ser på det som eit tema eg har for lite kompetanse om. Før eller seinare er det sjanse for at eg kjem til å møte på barn som er under tilvenning når eg kjem ut i arbeidslivet, med tanke på at eg som utdanna vil prøve å få jobb på småbarnsavdeling. Eg har sjølv i praksissamanheng lagt merke til at det kan vera vanskeleg for barn under tilvenningsperioden. Dersom barnet gret, kan det vere vanskeleg for pedagogisk leiar å håndtera situasjonen på ein god måte og foreldra til barnet føler at dei må vere tilstades for barnet deira heile tida. Sidan tilvenning er varierende i frå plass til plass, er den og veldig generell.

Som ferdigutdanna barnehagelærer har eg eit ønske om å arbeida på småbarnsavdeling, så denne oppgåva kjem til å styrke min kunnskap og kompetanse, slik at eg kan nytte den i seinare arbeid. Dette er eit tema som ikkje blir fokusert så mykje på i undervisning, og for meg vart det naturleg å velge småbarnspedagogikk og dette temaet i denne oppgåva.

1.1 Problemstilling

Problemstilling brukast om eit spørsmål som blir stilt med eit bestemt formål og på ein presis måte, slik at det let seg vise igjen i bruk av metoden. Ut i frå eit tema må ein arbeide seg fram til ei problemstilling, som ein igjen må stille krav til. Ifølge Holme og Solvang (1996) skal ei problemstilling vere spennande, fruktbar og enkel (Dalland, 2012).

Under prosessen der eg skulle formulere problemstillinga, var det vanskeleg for meg å finne ut kven eg ville rette den mot. Problemstillinga blir retta mot korleis ein kan arbeide, ikkje nødvendigvis korleis ein skal arbeide med tilvenning. Etter litt fram og tilbake med diskutering med med sjølv, vart valet av problemstilling slik:

«Korleis kan pedagogisk leiar legge til rette for god tilvenning for dei yngste barna i barnehagen?».

1.2 Avgrensning og begrepsavklaring

I problemstillinga mi har eg nytta omgrepet pedagogiske leiarar. På bakgrunn av dette vil eg forske på korleis pedagogiske leiarar arbeidar med barn og foreldre under tilvenningsperioden.

Problemstillinga mi blir retta mot barnehagebarn i alderen null til tre år. Fordi det er barn i den alderen informantane mine har erfaring med. Omgrep som vil bli brukt i oppgåva er foreldra til det enkelte barnet, og då meiner eg begge foreldre, eller om barnet har berre ein forelder. Vidare blir primærkontakt brukt og det er den personen som barnet er mest tilknytt til i tilvenningsperioden. Eg kjem til å bruke omgrepet personalet, og då er det retta mot alle ansatte som er på avdelinga.

I del 2.0 kjem eg til å skrive om design og metode som eg har nytta i prosjektet. Deretter vil eg i del 3.0 skrive teori som er knytt opp og som eg tykkjer passar til problemstillinga. Vidare i del 4.0 vil eg presentere empirien og etter det kjem eg til å drøfte teori og empiri i del 5.0. I del 6.0 er avslutning, der eg vil komme fram til ein konklusjon til problemstillinga.

2.0 Design og metode

2.1 Kvantitativ og kvalitative metodar

Metode er reidskapet ein kan bruke i ein undersøkelse. Det kan vera at nokon metodar i liten grad er avhengig av utøvaren, medan andre er personavhengige. Dersom ein skal telje noko, er det nok å gjere greie for i kva slags grad ein meiner at tellinga er korrekt, men dersom ein har intervjuet ein person er det ikkje så enkelt. Metode kan vere ein bestemt metode som blant anna intervju, observasjon eller spørjeskjema. Dess betre ein beherskar metoden, dess betre blir resultatane (Dalland, 2012).

Dei kvantitative metodane har den fordel at dei gjev data i form av målbare einingar. Tala gir mogelegheiter til å foreta rekneoperasjonar, enten ein ønsker å finne gjennomsnitt eller kor stor prosentdel. Dei kvalitative metodane tar sikte på å fange opp meining og opplevelse som ikkje let seg talfeste eller måle. Den vesentlege forskjellen på metodane er at dei kvantitative går i breidda, medan dei kvalitative går meir i djupna. Både kvalitativt og kvantitativ orienterte metodar bidreg på kvar sin måte til ei betre forståelse av det samfunnet vi lev i, og korleis enkeltmenneske, grupper og institusjonar handlar og samhandlar (Dalland, 2012).

2.2 Pilotstudiet

I pilotstudie intervjuet eg ein medstudent der eg nytta båndopptakar. På forhånd sendte eg intervjuguide til medstudenten, slik at den kunne forberede seg. Det eg opplevde som intervjuar var at eg hadde ein del like spørsmål, som eg oppdaga under pilotstudie. Dette måtte eg endre på i ettertid, for eg opplevde at medstudenten blei usikker på om den hadde svart på spørsmålet eller ikkje. Det var ein god måte for meg å nytte pilotstudie i forkant av intervjuet, slik at eg kunne få prøve meg som intervjuperson og eg fant ut av kva eg måtte endre på til endeleg intervju med utdanna informantar. Pilotstudie gjekk bra. Som intervjuperson fekk eg tilbakemeldingar frå medstudenten på at eg hadde gode spørsmål, og den kom med råd og tips til endringar og nye spørsmål.

2.3 Metode

Eg har valt å nytte den kvalitative metoden som design i prosjektet, fordi eg ynskjer å gå i meir i djupna, enn i breidda. Det eg var mest interessert i å finne ut av ved at eg nytta den kvalitative

metoden var erfaringar og tankar som utdanna førskulelærarar sat med, og då førskulelærarar som hadde ein del års erfaring. Eg valte å nytta intervju som metode fordi eg er interresser i kva utdanna fagfolk seier og meiner om tema som eg har valgt i prosjektet. Eg valte å nytte meg av individuelle intervju, framfor gruppeintervju. Dette på grunn av at det var mest kombortabelt for meg sjølv, og for informanten sjølv tenkjer eg.

2.4 Utval av informantar

Kriterie for utval av informantane var at dei skulle vere utdanna som pedagogiske leiarar, ha god og helst lang erfaring innan tema tilvenning og at dei hadde arbeida nokon år i barnehage. Informantane ville vera personar med mykje kunnskap innanfor det eg var interessert i (Jacobsen, 2015). Etter litt fram og tilbake med tenking, blei valet 3 informantar. Informantane eg nytta jobba i ulike barnehagar og i to forskjellige kommunar. Det var meir krevande og innhente informantar til prosjektet, enn eg hadde forventa. Ved hjelp av rettleiaren min fekk eg tips til kva barnehagar eg kunne nytte. Eg tok kontakt med fleire barnehagar, og det var nokon få som svarte ja, medan andre barnehagar hadde ikkje tid og andre svarte ikkje. To av informantane eg nytta hadde eg god kjennskap til, medan den andre visste eg kven var. I oppgåva har eg valt å presentere informantane som informant A, informant B og informant C.

2.5 Datainnsamling

Før eg gjennomførte intervjuet, utarbeida eg ein intervjuguide som bestod av dei spørsmåla som eg ønska svar på i intervjuet (vedlegg 1). Denne intervjuguiden fungerte som ein god mal som skulle leda meg gjennom intervjuet, og det var ein god forberedelse både fagleg og mentalt (Dalland, 2012). Eg valgte å ikkje sende intervjuguide på forhånd til den første informanten, men til den andre informanten valte eg å sende dei slik at den kunne forberede seg. Her ønska eg å finne ut om det var noko forskjell på informantane, ved at den eine ikkje kunne forberede seg, men den andre fekk litt tid til å sjå over spørsmåla og forberede seg meir. Under dei to intervjuet eg har gjennomført merka eg forskjell på informantane. Den første informanten gav meg korte svar og gjekk ikkje så mykje ned i djupna, medan den andre informanten gav meg meir utfyllande svar, gjekk meir ned i djupna og forklarte meir.

Dei innleiande spørsmåla i intervjuet var spørsmål som var relativt lette å svara på, slik at informanten kunne føla seg vel og avslappa. Seinare kom det spørsmål som gjekk på deira erfaringar og tankar rundt tilvenning. Eg valte å stille åpne og generelle spørsmål om temaet, og fleire av spørsmåla var slik som «kva legg du i begrepet...». På denne måten kunne informanten sjølv seie kva den meinte låg i dei ulike begrepa.

Ifølge Dalland (2013) bør spørsmåla som ein stille oppfordra til beskrivingar der målet er å gje ei mest mogeleg spontan framstilling. Ved at ein stille «korleis», «kva» og «kan du fortelje» spørsmål, slik at framstillinga blir mest mogeleg spontan. Dersom ein stiller «kvifor spørsmål» vil ein få meir eller mindre gjennomtenkte forklaringar. Det var for meg viktig å ikkje stilla leiande spørsmål, eller spørsmål som resulterte i svar som «ja» eller «nei». Under intervjuet var eg som intervjuar bevisst på korleis eg oppførte meg og eg hadde ein avslappande haldning. Ved at eg bekrefta det informantane svarte med anerkjennande nikk og ved å seie «m-mmm» (Jacobsen, 2015).

To av intervjuet føregjekk i barnehagane som informantane arbeida i, medan det tredje føregjekk via e-post på grunn av geografisk avstand. Elektroniske intervju liknar på ansikt-til-ansikt-intervju, dersom ein ser vekk i frå to ting: Forskaren har ikkje mogelegheit til å observera intervjuobjekt, kommunikasjonen skjer ikkje muntleg, men skriftleg. Ved å intervjuet via e-post forsvinn noko av spontaniteten i samtalen, ettersom ein som forskar ikkje mottek svara med ein gong (Jacobsen, 2015).

Intervjuet føregjekk i ein tidsperiode på 2-3 veker. Eg valte å gjennomføre intervjuet i barnehagane, sidan eg tenkte at det var der begge informantane følte seg trygge og komfortable. To av desse vart gjennomført på informantane sin arbeidsplass - eit miljø som var naturleg for informantane (Jacobsen, 2015). Som hjelpemiddel under dei to åpne intervjuet brukte eg båndopptakar. Fordelen med å ta i bruk båndopptakar er at eg som forskar ikkje hadde behov for å skrive ned det informantane sa. Dette gjorde til at me hadde ein naturleg samtalekontakt (Jacobsen, 2015).

2.6 Validitet og reliabilitet

Den eine informanten som eg nytta i prosjektet arbeida som stedsfortredande styrar når eg intervjuet ho, og i ettertid ser eg at dette kan kanskje ha vore med på å svekka validiteten i oppgåva. Dette med tanke på at det var ikkje alle spørsmål informanten svarte på, men vidare fortalte informanten om sine tidlige erfaringar frå tema tilvenning. Jacobsen (2015) hevdar at ein har størt tiltru til førstehandskilder og ikkje andrehandskilder.

Ved at eg intervjuet ein informant via e-post tenker eg at dette kan vere med på å svekka reliabiliteten og validiteten i oppgåva. Eg kunne nok hatt med fleire informantar i prosjektet, men samtidig tenker eg at det kan vera med på å stryka reliabilitete og validiteten at eg har fokusert på tre informantar og ikkje fleir.

2.7 Analyse og bearbeiding av data

I etterkant av intervjuet gjekk eg raskt i gang med å transkribere over til dokument på pc. I dokumentet skreiv eg ned intervjuet ordrett og alle ord var med. Dette gjorde rett etter at eg hadde

gjennomført intervjuet, sidan då var intervjuet så ferskt at eg huska det meste ved å høyre på båndopptakaren. Transkribering av intervjuet tok lang tid, men her fekk eg tid til å gjenoppleve samtalen med informanten (Dalland, 2012). Etter kvart som intervjuet blei transkribert vart og informantane anonymisert, dette ved å kalle dei for informant A, B og C. Informantane blir presentert i del 4.0 i oppgåva, under empiri.

2.8 Feilkjelder og kjeldekritikk

Den første informanten fekk ikkje intervjuguiden tilsendt på forhånd, for den hadde eg med meg til intervjuet. Dette valgte eg å gjere bevisst, fordi eg ville sjå om det var noko forskjell på den informanten som ikkje fekk tilsendt, og den som fekk den tilsendt. Informanten gav uttrykk for at den ikkje hadde fått forberedt seg noko, sidan den ikkje hadde fått intervjuguide på forhånd. Eg forklarte til informanten at det var intervju spørsmål som var generelle, og ikkje noko ho hadde behov for å få forberede seg på. Eg opplevde ikkje noko forskjell på informantane eg intervjuet med tanke på at den eine hadde mogelegheit til å forberede seg, og den andre ikkje.

Det som kan ha vore med på å påverka dataen som eg samla inn er intervjuet som eg valte å gjennomføra via e-post. Dette kan vere med på å verke anonymiserande og kan svekka det som ofte kallast for "intervjueffekten". Fordi ein som forskar ikkje er personleg tilstades (Dalland, 2012). I dette intervjuet hadde eg ikkje mogelegheit til å observera informanten sitt kroppsspråk og ansiktsuttrykk. Eg kunne heller ikkje vita om informanten nytta fagbøker eller anna pensum for å svara på nokon av intervju spørsmåla. Dalland hevdar at når ein samtale blir omgjort til tekst minskar den noko. Ifølgje Dalland handlar det å skrive ut eit intervju om å ta vare på mest mogelig av det som opprinneleg skjedde (Dalland, 2012).

2.9 Ethiske omsyn

Ethiske omsyn i dette bachelorprosjektet har vore at eg nytta båndopptakar. Båndopptakar som hjelpemiddel for å få svara så korrekt og ordrett som mogelig, når eg transkriberte over til pc, eg som intervjuar valgte å ikkje notere noko under intervjuet for å vere mest tilstades i intervjuet (Jacobsen, 2015) (Dalland, 2012). Begge informantane som eg intervjuet i barnehagane var noko skeptiske til at eg skulle nytte den, men eg forklarte at det var kun eg som skulle ha tilgang til informasjonen og ingen andre. Det eg tenkte over under intervjuet var at informantane la ikkje merke til båndopptakaren, for dei var heller opptatt av å dele kunnskapen med meg og det tykkjer eg var bra. I del 3.0 blir det skriva om teori knytta til tema tilvenning.

3.0 Teori

I denne delen av oppgåva vil eg presentere teori knytt opp mot problemstillinga mi. Eg startar med å presentere teori til begrepet tilvenning og under det blir det og skrive om tilvenningsperioden. Vidare blir begrepet tilknytning og trygghet forklart. Deretter blir det skrive om samarbeid med primærkontakt og foreldre.

Årsak til at eg har valgt ut denne teorien er fordi eg syns den dekkjer bra til mi problemstilling:

«Korleis kan pedagogisk leiar legge til rette for god tilvenning for dei yngste barna i barnehagen?».

3.1 Tilvenning

Dei fleste barn som begynner i barnehage, har tidligare vore heime med foreldra som har hatt fødselspermisjon. Samanlikna med miljøet i barnehagen har dei hatt det roleg rundt seg og tilbringt dagane med ein eller fleire vaksne som dei kjenner godt. Det nye møtet med barnehagemiljøet innebere ein drastisk forandring for barn. Broberg et al. (2014) hevdar at tilvenningsperioden i barnehagen har tre formål. Det første er å venne barnet til det nye miljøet i barnehagen. Det andre handlar om å gi barnet ein sjanse til å bli betre kjent med pedagogane, slik at omsorgspersonen kan fungera som ein erstatning når foreldra ikkje er tilstades. Det tredje formålet i tilvenning er det å venne barnet til å klare seg i fleire timar i strekk utan foreldra, og i staden for nyttar ein pedagogen for å sette tilknytningssystemet i kvilemodus og kunne engasjera seg i leik og utforsking (Broberg, Hagström, Broberg, 2014). Vidare i neste avsnitt blir det skrive om tilvenningsperioden.

Tilvenningsperioden

Mange barnehagar gjev tilbod om besøksdagar i god tid før oppstart og dette er ein spennande dag for foreldre og barn. Det er denne dagen dei skal få komme inn døra for første gang, for å sjå ein liten smakebit på den nye kvardagen som er rett rundt hjørna. På besøksdagen kjem foreldre i kontakt med kvarandre, og barnet deira møter sannsynlegvis barn i samme aldersgruppe. Det er ein fin første mogleg for primærkontakten til å skapa god kontakt med barn, og allerede begynne samarbeidet med foreldra. Det som er vanleg for dei aller fleste barnehagar er at ein set av tre dagar til tilvenning per barn. Det er ingen barn som er like og det er individuelt kor lang tid det enkelte barnet treng for å føla seg trygg i barnehagen. Mange barnehagar ynskjer at foreldra set av meir tid til denne prosessen, og dei aller fleste arbeidsgivarar gjev imidlertid tre dagar betalt permisjon til tilvenning i barnehagen (Fagereng, 2015).

Den første dagen er det vanleg at ein ønskjer barn og foreldre velkommen og viser dei rundt på avdelinga. Den andre dagen handlar det om å fortsetje å bli kjendt med barnet. Det er fleire

barnehagar som ønsker at barnet skal vera åleina ei lite stund iløpet av andre dag, men her bør ein sjå an barnet og forholdet det har fått til primærkontakten sin. Den tredje dagen har barnet forhåpentlegvis begynt å føle ein viss tilhøyrighet til barnegruppa og barnehagen. Barnet kan og kanskje begynne å føle seg trygg saman med primærkontakten sin. Den fjerde dagen blir barnet levert når primærkontakten har begynt på jobb og det er vanleg for barnet at det har ein tilnærma full dag i barnehagen. Barnet er med på alle rutinar i barnehagen (Fagereng, 2015). I avsnitt 3.2 blir det skrivne teori i forhold til tilknytning og trygghet.

3.2 Tilknytning og trygghet

Tilknytning

I det første leveåret bør barnet knytte seg til ein eller fleire vaksenpersonar og dette er ei sentral utviklingsoppgåve for det enkelte barnet. Tilknytning handlar om overlevelse og det er ein klar biologisk basis. I første omgang er det foreldra som barnet knytter seg til. Ifølge forskning trudde ein at små barn berre kunne knytte seg til ein person, men etter kvart fant forskarane ut at dette kan gjelde fleire av dei personane som står barnet nær. Personar som gjev fysisk og emosjonell omsorg, er rimeleg stabilt tilstades i deira liv og er villeg til å inngå i ein nær, positiv og forutsigbar relasjon til barna er dei personane som yngre barn knyter seg til. Barn vil utvikle ein grunnleggande mistillit til omgivnadane gjennom tilknytningsprosessar (Drugli, 2014).

Ifølge Bowlby byggjer barnet opp dei indre arbeidsmodellar av seg sjølv i samspel med sine nære tilknytningspersonar. Vidare hevdar han at alle har eit indre kart av seg sjølv og andre og eige forhold til andre. Det indre kartet blir utforma av dei erfaringane ein har av eit samspel som ein igjen kan oppleve på nytt. Bowlby understrekar at kartet sin sterkaste påverknad er egne kontinuerlege og stor behov for å gradera seg ned mot smertefulle følelsar. Han legg vekt på at det er barnet sine jevnlege relasjonar til dei nære omsorgspersonane som blir synleggjort. Desse blir til indre arbeidsmodellar. Ved at ein sjølv erfarar andre typar opplevsjar av samspel seinare i livet, vil det sannsynlegvis ta lang tid før dei indre arbeidsmodellane blir endra (Abrahamsen, 1996).

Killen hevdar at trygghet i tilknytning kjem ut av opplevelsen av nyansert tilpassa samspel, omsorg og kontinuitet. Barn er biologisk predisponert til å bruka tilknytningspersonane som ein base som dei kan utforska frå og søke tilflukt hos når dei føler seg trua. Omsorgsgivaren sin respons bidrar til å forme samspelmonster og tilknytningsmonster som utviklar seg det først leveåret (Killen, 2012).

Trygg og utrygg tilknytning

Ifølge Abrahamsen (2015) kjenneteiknar trygg tilknytning at barn utforskar ein ny situasjon med foreldra tilstades. Barn kan vise engstelse i møte med ein ukjent person, blir lei seg når foreldra går,

men søker kontakt når foreldra kjem tilbake og lar seg bli trøsta. Barn og foreldra kan fortsette med å leike og utforske. Etter kvar går det relativt raskt over etter dei følelsesmessige påkjenningane ved foreldra sin fråvær og barn lar seg trøsta av den fremmande når foreldra er vekke. Utrygg tilknytning skiljer mellom engsteleg unnvikande tilknytning og engsteleg ambivalent tilknytning. Engsteleg unnvikande tilknytning dreiar seg om at barn viser lite teikn til tristheit eller fortvilelse når foreldre forlet avdeling (Abrahamsen, 2015).

Barn med utrygg tilknytning ignorerer foreldra når dei kjem tilbake, særleg i forbindelse med det siste fråværet, der stresset har auka. Barn held auge med foreldra, men verkar anspent og hemma i leiken sin. Engsteleg ambivalent tilknytning handlar om at barn utforskar og leikar lite. Barn som har slik tilknytning viser fortvilelse ved foreldra sitt fråvær, men det kan vere vanekeleg å trøste barnet når foreldre kjem tilbake og barnet tek ikkje kontakt med foreldra når dei kjem igjen. Foreldre prøvde å få kontakt, men barnet avviser. Barnet kan snu seg vekk, sparka og avviser leiker som ein tilbyr. Det kan dreie seg om ein stadig veksling mellom å vera sint og å søka kontakt (Abrahamsen, 2015).

Tryggheit

Tryggheit blir skapt når eit barn blir forstått innanfrå. Emosjonell tryggheit vil seie indre ro og fråvær av indre stress og ubehag. For at tryggheit skal oppstå hos barn bør det enkelte barnet bli forstått og tatt på alvor. Ved at eit barn blir forstått av andre blir det skapt ro og tryggheit i barnet, og dette er noko som gjeld for alle menneske både store og små. Barn sin hjerne er ikkje ferdig utvikla, og barn forstår seg sjølv og verda utanfor dårlegare enn vaksne. Det er lite som skal til før eit barn blir overvelda og forvirra av inntrykk frå verda og dermed kan kjenne på utro inni seg. Primærkontakten bør vere nær barna og viser forståelse for kva dei føler og opplev, blir dei trygge og rolege på innsida. Yngre barn er høgt avhengig av vaksne for å lære å forstå både seg sjølv og verda, og for å kunne regulera følelsane sine. For å hjelpe barn til å bli trygge må ein vera oppmerksam på kva dei føler og kva dei treng, sidan barn treng å bli forstått innanfrå (Brandtzæg, Torsteinson, Øiestad, 2013). I avsnitt 3.3 blir det skrive teori til samarbeid med primærkontakt.

3.3 Samarbeid med primærkontakt

Ein primærkontakt er ein ansatt på ei avdeling som har eit særleg ansvar for nokon av barna på avdelinga. Denne personen går bevisst inn for å etablera godt kontakt med barn når dei skal begynne i barnehagen. Sannsynlegheita for at det blir utvikla god og nær relasjon, er større når den vaksne kan fokusere spesielt på den kontakten som primærkontakten har med nokon barn. Om barn har klart å etablera tryggheit i relasjon til sin primærkontakt, kan barnet vidare bruke denne tryggheta som ein base for vidare utforsking av andre relasjonar og barnehagen sitt miljø. Det enkelte barnet veit at primærkontakten er der dersom barnet treng det, noko som igjen skapar tryggheit og ro til å

utforska og lære. Barn må etablere tydeleg kontakt med primærkontakten når dei møtast og at ein vinkar hade når dei skiljast ifrå kvarandre. Det er viktig at primærkontakten gjev beskjed til barnet om kven som skal vera med det, dersom primærkontakten er vekke frå avdeling. Primærkontakten bør vera tilgjengeleg i vanskelege situasjonar for barnet. På denne måten vil opplevelsen av stress vera med på å dempa barnegruppa. Primærkontakten blir ein base for tilknytning og trygghet for barnet, og barnet får støtte ved behov (Drugli, 2014).

Gjennom foreldra og saman med barnet bør primærkontakten bli kjent med barnet, allereie frå det første møtet. Det er viktig at primærkontakten veit kva interesser barnet har, og samtidig set seg inn i kva som er vanleg å leike med i denne aldersgruppa og her bør ein prøve å skape god kontakt. For primærkontakten lønner det seg ikkje å vere for intens og frampå, men ein bør prøve å skape kontakt ved å gjere barnet interessert i noko som primærkontakten leikar med. Primærkontakten bør la barnet komme til seg. Dei første tilvenningsdagane bør vere prega av ein roleg atmosfære, slik at barnet får mogelegheit til å bli kjendt med primærkontakten sin. Dei andre barna i barnegruppa bør opphalde seg ein anna stad på denne tida (Fagereng, 2015).

Det er viktig at primærkontakten snakkar med foreldra om avskjeden og korleis dei på best mogeleg måte kan gjennomføre den for barnet. For nokon foreldre kan det vera vanskeleg å gå ifrå barnet sitt, og mange vil trenga støtte og informasjon frå primærkontakten. Nyttig informasjon med hensyn til leveringssituasjonen kan vere å vere tydeleg ovanfor barnet og gå når ein har sagt hade. Foreldre bør ikkje vise barnet eventuelle vonde følelsar for avskjeden. Det er betre at dei ringe eller sende melding viss dei treng å vita korleis barnet deira har det etter avskjeden, eller ein kan be barnehagen ta kontakt (Fagereng, 2015). Vidare i avsnitt 3.4 blir det skrive teori i forhold til samarbeid med foreldre.

3.4 Samarbeid med foreldre

I Stortingsmelding nr.41 står det at det skal vera informasjon mellom heim og barnehage. Dette er viktig for barn, foreldre og for barnehagen sin verksamheit. Den daglege dialogen mellom foreldre og barnehage bidreg til god kvalitet for det enkelte barn. Det er viktig for barn, foreldre og personalet at ein har den daglege kontakten. Ein bør ha ein god dialog om barnet sin trivsel og sine erfaring. Vidare står det i rammeplanen at alle foreldra skal ha få tilbod om jevnlege samtalar med det pedagogiske personalet i barnehagen. Dette bør ein formidla til foreldra allereie når barnet begynner i barnehagen (Killen, 2012).

Personalet bør fanga opp foreldra sin oppfatning av barnet sine behov og deira forhold til barnet. Foreldre blir glade dersom dei får mogelegheit til å formidla seg om barnet sitt. Ved at foreldre får denne mogelegheita kan dei forklara korleis dagane er heime og kva slags aktivitetar barnet likar. På

denne måten er det mogeleg for barnehagepersonalet å få eit bilde av barnet sine behov og foreldra sitt forhold til barnet. Personalet blir informert om deira forventningar og engasjement i barnet. Dette vil gje barnehagen viktig informasjon på kva dei bør leggja vekt på i omsorga til barnet (Killen, 2012).

Foreldre som for første gong skal ha barnet i barnehagen vil vera usikre på korleis dei skal takla det at barnet deira faktisk skal begynne i barnehagen. Det kan vera nokon foreldre som opplever det som vondt å levera barnet til nokon andre. Foreldre som er usikre viser dette til barnet og personalet. Dei foreldra det gjeld treng ekstra støtte slik at dei kan få anerkjent sine følelsar og eventuelt hjelp til å takla dei. Foreldra sine emosjonar må samtidig ikkje påføra barnet vanskar, når det skal tilpassa seg til den nye kvardagen. Det kan vera nokon foreldre som trur at ein forventar av både dei og barnet at overgangen til livet i barnehagen skal gå heilt rasjonelt og smertefritt. Dei treng blant anna hjelp til å sjå at barnet strevar noko med denne prosessen. Nokon barn bør kanskje ha korte dagar ei lita stund for at barnehagen ikkje skal bli for overveldande for dei. Då bør personalet tørre å ta dette opp med foreldra og vera med dei i drøftingar om kva som skal gjerast og ein kan høyre med foreldra om dei kjenner nokon som har opplevd den same situasjonen (Drugli, 2014).

Det kan vera ein reell fare for at foreldre og personale kan bagatellisera eit barn sine vanskar med å takla skiljinga frå foreldra og det å knytte bånd til ein eller fleire nye vaksne. Personale og foreldre har behov for at det skal gå bra, og barnet sine signal og behov kan stå i fare for å bli dekkja til. Det er viktig at foreldre og personale snakkar saman i oppstarten og hjelpe kvarandre med å fanga opp barnet sine reaksjonar og i større grad ta hensyn til dei. Personalet bør tørre å gå tett på dei foreldra som ikkje inviterar til samtale. Foreldra ynskjer at barnet skal få ein så god og trygg start i barnehagen som mogeleg, og det vil vera med på å fremja ein positiv fungering og utvikling i heimen og i barnehagen (Drugli, 2014).

4.0 Empiri

I denne delen vil eg presentere informantane som eg har nytta og empirien i prosjektet. Dei tre informantane som eg har nytta har nokon av dei same erfaringane om temaet, men kva informantane legg i begrepa er forkjellig. I empirien vil det bli skriva tilvenning, trygghet, tilknytning, tilvenningsperioden, samarbeid med primærkontakten og samarbeid med foreldre.

Informant A er ei kvinne på 45 år som har førskulelæruddanning som var ferdig utdanna i 1996, tok vidareutdanning som heiter leiing i framtidens barnehage i 2012 og har tatt litt rettleiing. Informanten har tidlegare arbeidar som styrar i eit år og arbeidar no som stedsfortredande styrar. Informanten har lang erfaring med tilvenning på småbarnsavdeling, men informant klara ikkje å hugse kva den ho

lærte om tilvenning i utdanning. Informanten var spent før ho skulle begynne i arbeid, tok vare på artikkel frå studie, den har informanten den dag i dag og seier det er ein god idé å samle alt ein har frå studie til seinare bruk. Informanten seier at ho følte at ho hadde nok kompetanse om tilvenning før ho kom ut i arbeidslivet.

Informant B er ei kvinne på 48 år som har førskulelærerutdanning og i utdanninga hadde ho ein halvtårseining i spesialpedagogikk. Ho var ferdig utdanna i 1990 og jobbar på småbarnsavdeling med barn i alderen 1-3 år. Informanten fortel at dei hadde litt om tilvenning i utdanninga, men ikkje så mykje. Har lang erfaring med tilvenning på småbarnsavdeling og fortel at kompetansen om temaet tilvenning har komme undervegs i arbeidet. Informanten seier at ho føler sjølv at kompetansen innan tilvenning har blitt utvikla igjennom arbeidet som pedagogisk leiar på småbarnsavdeling og ho har lært av andre.

Informant C er ei kvinne på 44 år som har desentralisert førskulelærerutdanning frå 1993-1997. Ho har arbeida som pedagogisk leiar sidan 1990. Informanten arbeidar på småbarnsavdeling med barn i alderen 1-3 år. Ho følte at ho fekk god erfaring om tema tilvenning frå tidligare arbeid i barnehagen, og dei arbeidserfaringane hadde ho med seg i seinare arbeid.

4.1 Tilvenning

Når eg spurte kva informantane la i begrepet tilvenning fekk eg mykje det same til svar. Alle informantane fortalte meg at dei såg på tilvenning som ein periode ein set av slik at barnet blir kjent dei vaksne, dei andre barna og barnehagen. Blant anna la dei og vekt på at det handlar om at ein skal skape ein trygghet for barnet.

Informant C uttrykker tilvenning slik: *“Det at ein brukar tid på og kjenner på den nye tilværelsen meiner eg er kjempeviktig. Då gjeld det å bli kjent med rom og den nye plassen. Me vaksne må vise at me ser barn og foreldra, at me møter deira behov. Vidare er det viktig med gode samtalar, slik at ein forstår kvarandre”.*

Tilvenningsperioden

Informant A fortel at tilvenningsperioden i barnehagen deira er slik at alle barn med foreldre barn får eit brev som ønsker dei velkommen. På dette brevet står det tidspunkt som me har bestemt at dei skal komme for første gong i barnehagen. Det pleier dei å samkøyre slik at dei ikkje tar imot alle barna samtidig, og same dag. Den første dagen kjem barna på føremiddag eller ettermiddag, og er i barnehagen i få timar, for å bli kjent. Den andre dagen er barna er litt lengre enn første dag. Denne dagen et dei mat ilag med avdelinga. Tredje dag er det slik at me legg dei til å sove i barnehagen. Etter desse tre dagane tek dei det steg for steg, som vil sei at barna har litt lengre dagar kvar dag.

Informant A fortel at dei må vere sikre på at dei har ein vaksen som kan ta seg av barn og foreldre når dei kjem i barnehagen første, andre og tredje dag.

Informant B fortel at tilvenningsprosessen i barnehagen går over tre dagar og stort sett må foreldra vera dei tre dagane som er sett opp, saman med barnet i barnehagen. Første dagen får dei ikkje lov å gå, andre dagen får dei heller ikkje lov å gå og tredje dagen so kan dei få lov å begynne å gå ifrå litt. Me styrar det i forhold til når dei skal få lov å gå, og me overtar meir og meir oppgåvene. På denne måten prøve me å komma så nær barnet som mogeleg, for me veit at dagen etterpå så skal me overta. Etter dei tre dagane er det individuelt frå barn til barn, kor lenge dei er her og lang tid dei treng, men noken foreldre må me be om å gå frå barnehagen. Som sagt så er det er jo det kjæraste dei har også når dei skal overlevera til vilt fremmande.

Informant C fortel at første dag er det viktig at mor eller far er med, og at dagane ikkje blir for lange for barnet. Den først dagen kjem barnet til avtalt tid og er med oss i leik og aktivitet. Den andre dagen blir barnet lengre og er med i leik og aktivitet på føremiddag. Barn og foreldre et saman med oss og går heim når dei andre søv. Foreldra kan forlata avdelinga, men må vere tilgjengelege. Den tredje dagen kjem barnet på den tida det normalt vil koma i barnehagen. Foreldra kan forlata barnehagen etter avtale med dei ansatte. Vidare ser me korleis det går med barnet om det trivst og føler seg trygt. Deretter avtalar me eventuelt meir tilvenning.

4.2 Tilknytning og trygghet

Tilknytning

Informant A legg i begrepet tilknytning at barn har ein god «match» med ein av dei vaksne, slik at barnet klarar å slappe av og vera trygg. Barn har tilknytning til dei vaksne, dersom barnet etter kvart klarar å ta steget meir og meir vekk frå fanget. Barna skal ha ein vaksen som ser dei, legg merke til dei i kvardagen og som dei kan koma til dersom dei føler seg utrygge. Dette legg kan ein legge merke til i oppstarten. Det med at ein sit på golvet, barnet kjem krabbande i fanget og er der ei lita stund. Etter ei stund tek barnet seg ei ny runde på golvet og kjem tilbake i fanget dersom det skjer noko rundt. Ut i frå dette meiner informanten at barnet har fått tilknytning til dei vaksne på avdelinga.

Informant B meiner at tilknytning er ein forlengelse av tilvenning. Om barnet ikkje får ei god tilvenning, så vil ein få problem med å få barnet tilknytt. Tilknytning går på det å skapa relasjonar, skapa trygghet, og sjå at barn viser glede når dei kjem. Med dette meiner informanten at barn har ein relasjon til dei vaksne som er rundt dei på avdeling.

Informant B uttrykker at: *“tilvenning og tilknytning går mykje inn i kvarandre, og ein er avhengig av å få begge til å fungera for barnet”.*

Tilknytning for informant C handlar om at barn er trygge på dei vaksne. Barnet gleder seg til å koma i barnehagen. Ho fortel at det er viktig at barnet kjenner til bygget til barnehagen og at barnet får god kjemi med dei vaksne og barna.

Informant B og informant C fekk tilleggsspørsmål som handla om det med trygg og utrygg tilknytning. Dei svara som informantane fortalte under intervjuet samsvarar med kvarandre. Informantane er enige i at barn som tydeleg viser glede når dei kjem om morgningen og spring i armene på dei vaksne er barn med trygg tilknytning. Informant C fortel at barn som er trygge har fått gode relasjonar til dei andre.

Informant C uttrykker: *“Desse barna har alltid noko å finne på og ein ser at kroppsspråket og språket er i «blomstring». Barnet prøver så godt som det kan å føle seg trygg.”*

Informant B fortel at barn med utrygg tilknytning er dei barna som skrik og ein klara ikkje å få fokuset til barn. Om barn er utrygge seier dei ein del mamma og pappa, som viser til ein sår lengsel hos barnet. Dersom eit barn er utrygt og ein som vaksen ikkje har fått nær relasjon med barnet, så klarar ein ikkje heilt å snu dei tilbake. Vidare så brukar ein mykje tid og krefter på det enkelte barnet. Informant C nevner at barn som er utrygge er utrolege, triste barn og dei finn ikkje heilt roen med det som føregår i barnehagen. Barna grin når dei kjem og vil ikkje koma inn på avdeling.

Tryggheit

Informantane sine svar på tryggheit samsvara med kvarandre. Dei fortel at ein bør arbeida med å skape tryggheit for barnet, men og rundt barnet på avdeling. Barn skal oppleve at dei vaksne ser dei, legg merke til dei og barn skal tørre å vera seg sjølv. Barn som ikkje er trygge, tørr heller ikkje å leike. Om barn er slik, tørr dei ikkje å ta steget vidare frå fanget for å utforske på avdeling. Barn har ein tryggheit i den vaksne som dei har rundt seg, og dersom ein som vaksen ikkje klarar å roa ned barnet, så har ein ikkje nødvendigvis klart å skapa den gode tryggheten for barnet. Dersom ein som vaksen er trygg på det ein har rundt seg, så klarar ein og å roa ned barnet betre. Barn som viser tryggheit tek lett kontakt med andre barn og vaksne, og leikar på avdeling.

4.3 Samarbeid med primærkontakt

Alle informantane nyttar primærkontaktordninga i barnehagane sine. Men korleis primærkontakten arbeidar med det enkelte barnet i dei ulike barnehagane er litt ulikt.

Informant A fortel at dei nyttar primærkontakt litt. Ho seier at dei brukar primærkontakt for det er den same personen som tek imot barnet første, andre og tredje dag. Men i barnehagen jobbar ikkje alle 100%, så av den grunn har dei gjort det slik at det er ein anna vaksen som tek imot det barnet.

Dette nyttar dei om primærkontakten har fri ein av dagane i tilvenningsperioden til barnet. Ved at dei gjer det på denne måten har dei fleire vaksne å spele på og samtidig blir barnet kjent med andre vaksne på avdeling. I oppstarten nyttar dei primærkontakt, slik at dei har tettare oppfølging. Dei nyttar ikkje primærkontakten resten av året.

Informant B fortel at dei nyttar primærkontakt. Dei set opp primærkontakt og fordeler barn seg imellom. På denne måten spør dei for at alle barn og foreldre har ein vaksen å forhalda seg til. Den første dagen med tilvenning ser dei det på barnet sjølv. Det går på kven av dei vaksne barnet føretrekk å gå til og føler seg trygg på. Dei nyttar og primærkontakt på "dei gamle barna", som er igjen frå året før. Slik at me ikkje gløymer dei, for det blir ein heilt ny kvardag for dei og. Det kan bli sårt for dei vaksne som kjenner på den følelsen at dei ikkje blir valgt av nokon barn, men det kan skje. Då er det ikkje noko galt med den vaksne, men barnet treng meir tid til å bli kjendt med den enkelte vaksne. Det er viktigare at ein får god kjemi med nokon barn, enn med ingen.

Informant C fortel at dei nyttar primærkontakt i barnehagen. Dei deler barna imellom dei vaksne, men då har dei nokon ulike arbeidsdagar så dei må forandra på innimellom. Primærkontakten har fokus på det enkelte barnet og leikar ilag med det. Den vaksne går fram på ein roleg måte for å prøva og bli meir kjent med barnet. Det er viktig at primærkontakten brukar tid og er nær barnet. At den og prøver å sjå etter kva behov og ønsker barnet har, og ikkje minst foreldra.

4.4 Samarbeid med foreldre

Informantane er enige om at samarbeid med foreldra handlar om dialog og kommunikasjon, men det er litt ulikt kva dei meiner skal til for å byggja opp eit godt samarbeid med foreldra.

Informant A fortel at for å byggja opp eit godt samarbeid med foreldre så må ein få til den gode dialogen. I barnehagen jobbar dei med å få foreldra til å stole på dei og personalet viser at dei vil barnet deira det beste, men og det beste for familien. Deira hovudfokus er å få til den gode samtalen. Vidare bør ein ha tett dialog med foreldra, for då er det ingen problem å seie ifrå om det som er vanskeleg. Dei er opptatt av å møte dei både på føremiddag og ettermiddag. Foreldra er opptatt av at deira barn blir sett i barnehagen, så då informerer dei om kva barnet har leika med og med kven. Deira fokus er ikkje å informere om rutinar, men det daglege samspelet med andre barn og kva barnet gjer på i barnehagen.

Informant B fortel at det viktigaste er god kommunikasjon. Det går på at ein må tørra å snakka saman og gje klare beskjedar som er nødvendig. På deira avdeling jobbar dei med å få foreldra tryggen få deira tillit og få dei til å skapa tillit til oss, og den jobben dei utøvar. Personalet vil gjere det beste for barnet, men og for foreldra. Informanten meiner at ein skal gje klare beskjedar til foreldre, sidan ein

skal ha barnet i fokus. Ved at ein får tilliten til foreldra, så klarar ein og å bygga opp eit godt samarbeid. Det aller viktigaste er god kommunikasjon og dialog med foreldra.

Det viktigaste informant C meiner for å få byggja opp eit godt samarbeid med foreldre er at samarbeidet mellom barnehagen og foreldre er bra. Personalet bør snakke jevnleg med foreldra når dei leverar på føremiddag og når dei reiser heim på ettermiddag. Dette gjeld og resten av tilvenningsperioden og barnehageåret.

5.0 Drøfting

I denne delen skal eg drøfte funna mine som er empiri i del 4.0 og sjå dei i samanheng med teori som eg presenterte i del 3.0, dette for å komme fram til svar på problemstillinga mi:

«Korleis kan pedagogisk leiar legge til rette for god tilvenning for dei yngste barna i barnehagen?».

5.1 Tilvenning

Barn som for første gong skal starte i barnehagen har vore heime med ein av omsorgspersonane sine, sidan dei vart født. Dei barn det gjeld har hatt eit roleg miljø heime. Medan i barnehagen kjem barn til eit meir uroleg miljø og dei skal tilvenne seg ein ny kvardag med ukjente ansatte, men og barn (Broberg, 2014).

Dei tre informantane er enige om at tilvenning er ein periode der barn skal bli kjent med barnehagen, avdelinga, først og fremst personalet, men etter kvart dei andre barna på avdelinga. Alle informantane er enige om at tilvenning handlar om at ein skal sette av ei periode der barn skal bli få tid til å bli trygg på personalet og den nye plassen som er ukjent for barn. Informant B seier at: «Det handlar like mykje om at ein skal tilvenne foreldra, for dei treng å tilvenne seg for den nye kvardagen for barnet deira». «Tilvenning handlar om at ein skal få foreldra til å bli trygge på oss og då er mykje av jobben gjort».

Informant C meiner at tilvenning handlar om at ein skal bruke god tid og ho syns det er viktig at barn får kjenne på den nye tilværelsen. Under tilvenninga bør personalet vise at dei ser både barn og foreldre, slik at dei føler at ein møter deira behov og forutsetningar. På denne måten kan ein vise at ein bryr seg om barnet, men samtidig foreldra på samme tid. For dei yngre barna er det viktig at ein skapar eit nært og trygt miljø. Avdelinga bør ha faste og trygge rutinar, for at det skal bli opplevd som ein trygg base for barna. Dei trygge rutinane gjer at barnet enklare kan tilvenne seg til den nye kvardagen (Fagereng, 2015).

I forhold til det informantane fortel om tilvenning stemmer det godt overens med teorien som eg har nytta i del 3.0. Broberg (2014) hevdar at det handlar om at ein skal venne barnet til det nye miljøet som er i barnehagen (Broberg, 2014). Det er viktig at ein gjer barna trygge på den nye tilværelsen og lar dei få den tida dei treng til å bli tilvendt. Dette er noko som eg tenker er viktig når det gjeld dei både personalet og foreldra til barnet. I neste avsnitt blir det skrive om tilvenningsperioden.

Tilvenningsperioden

Tilvenningsperioden handlar om at barn og foreldre skal bli kjent med barnehagen. Barn har hovudsakleg tre dagar til å bli tilvent barnehagen, men her må ein sjå an barnet. Når det går på kor trygg barnet er i barnehagen og på primærkontakten sin. I tilvenningsperioden er det viktig at foreldre tek seg fri frå jobb og er der for barnet sitt i den nye tilværelsen. Foreldre har rett på tre dagar permisjon av arbeidsgivar, slik at dei kan vera med på tilvenningsperioden for barnet deira (Fargereng, 2015).

I tilvenningsperioden nyttar dei tre informantane tre dagar som er mest vanleg. Første dag er barn i barnehagen for å bli kjent i nokon timar, andre dag er barn litt lengre enn forrige dag og denne dagen et dei mat og leikar i barnehagen. På den andre dagen kan foreldra gå vekk ifrå avdelinga, men dei må vere tilgjengeleg i barnehagen eller på telefon. Slik at ein kan ta kontakt, dersom det er nødvendig å gje beskjedar som angår barnet deira. Dei to første dagane meiner informantane at det er viktig at ein av foreldra tek seg fri frå jobb for å vera med barnet til å bli kjent i barnehagen. Det viktigaste for barnet i oppstarten er at den trygge og nær omsorgspersonen er med under tilvenninga.

Informant B og C uttrykker at etter dei tre dagane kjem det an på kor trygt barnet er og om barnet treng fleire tilvenningsdagar, men dette er sjølvstilt individuelt. Det kan vera at nokon barn blir tilvendt før enn andre, men det kjem an på kor trygt barnet er på dei nye personane og omgivingane rundt. Ut i frå empirien og teorien eg har valgt ut stemmer det at informantane nyttar dei tre dagane som tilvenning for barna. Det finst ingen fasit på kor lang ein tilvenningsperiode er, men normalt sett set ein av tre dagar. Vidare må ein sjå an barnet, kor trygt barnet er og kor lang tilvenningstid det treng.

I teoridelen blei det skrive om ein fjerde tilvenningsdag, men det er ikkje alle barnehagar som nyttar den fjerde dagen. I den fjerde dagen går det på at barnet skal ha ein normal dag i barnehagen, utan at foreldra er tilstades, men at dei hentar barnet tidleg på ettermiddag. Ifølge Fargereng treng barn ein trygg overgang frå heimen, for at dei skal få ein god start i barnehagen. Det er viktig at foreldra er tilstades og i nærheita den første tida og at dei blir kjent med barnet sin primærkontakt, for å danne

ein trygg base for det enkelte barnet deira (Fagereng, 2015). I avsnitt 5.2 blir det skriva om barnet sin tilknytning og trygghet.

5.2 Tilknytning og trygghet

Tilknytning

Drugli hevdar at tilknytning handlar om at foreldre skal no levere barnet til andre personar, som blir kalla for andre tilknytningspersonar. Yngre barn knytar seg til personar som viser omsorg, er tilsades og som viser nær kontakt til barnet. På denne måten kan barnet bygge relasjonar til den personen som er tilknytningsperson (Drugli, 2014).

Det er ulikt kva informantane legg i begrepet tilknytning. Informant B og C blei stilt eit tilleggsspørsmål som går på trygg og utrygg tilknytning. Det som informant A meiner er at tilknytning handlar om at barn har fått ein «match» med ein av dei ansatte, og barnet klarar å slappe av og vera trygg. Informant B meiner at tilknytning blir ein forlengelse av tilvenningsperioden. Om barnet får ein dårleg tilvenning, så vil barnet ha problemar med å bli tilknytt til dei vaksne. Ifølge Killen (2012) er det responsen som omsorgsgivaren bidrar med som er med på å forme mønster som samspel og tilknytning. Desse mønstera utviklar seg det første leveåret (Killen, 2012).

Informanten B og C er enige om at tilknytning handlar om å skape relasjonar til personalet. Det som informantane fortel om tilknytning til vaksenpersonar i barnehagen viser igjen i teori i forhold til det Bowlby hevdar. Han hevdar at barnet fangar opp seg sjølv i samspel med tilknytningspersonar og barnet viser dei indre arbeidsmodellane (Abrahamsen, 1996).

Ifølge Abrahamsen kjenneteiknar trygg tilknytning at barn utforskar ein ny situasjon utan avhengigheit av foreldra, medan foreldra er tilstades. Barn søker kontakt med foreldra og let seg bli trøsta av personalet. Barn med utrygg tilknytning viser teikn til fortvilelse og engstelse når foreldra forlet avdeling. Foreldra kan prøve å få kontakt, men barnet er ikkje interessert i kontakt i det heile teke. Barn med denne typen tilknytning utforskar og leikar lite (Abrahamsen, 2015). Vidare legg begge informantane det samme i trygg og utrygg tilknytning. Trygg tilknytning viser barna tydeleg glede, medan utrygg går på at barn skrik og ein klarar ikkje å få fanga fokuset til barnet. Informant C fortel at som er tydelege trygge viser det på både språket og kroppsspråket ved at dei tydeleg «blomstrar». Det er både likt og ulikt kva informantane legg i omgrepa tilknytning, trygg og utrygg tilknytning.

Tryggheit

Tryggheit handlar om at barn blir forstått og teke på alvor. Ved at barn blir forstått utviklar barnet ro og tryggheit. Personalet i barnehagen bør forstå barnet innanfrå, ikkje utanifrå og inn.

Primærkontakten til det enkelte barnet må vise forståelse ved å forstå barnet sine følelsar. Dersom primærkontakten opptrer på denne måten kan barnet bli trygg og roleg på innsida (Brandtzæg, Torsteinson, Øiestad, 2013).

Informantane er enige i at barna skal vera trygge, men og at dei skal føla seg trygge i kvardagen i barnehagen. Informant A seier at dersom ikkje barn er trygg, så tørr dei heller ikkje å leike. Barn som ikkje tørr å leike, tørr ikkje å ta steget vekk frå fanget, for å leike. Informant B meiner at dersom ein barn er lei seg og grin, må ein som vaksen klara å trøysta det barnet det gjeld. På denne måten har ein som vaksen skapt ein god tryggheit for barnet. Som vaksen skal ein klara å roa ned barnet, om ein er trygg på det som ein har rundt seg. Informant C fortel at tryggheit er når barn er glade når dei kjem. Barn tek lett kontakt med andre barn, men og dei vaksne og barnet leikar. I neste avsnitt blir det drøfta korleis barnet samarbeidar med primærkontakten.

5.3 Samarbeid med primærkontakt

Primærkontakt er ein vaksen som er tilstades for barnet heile tida på avdelinga. Den skal vere til god støtte for barnet, slik at barnet kan føle seg trygg på avdeling. Dersom primærkontakten har behov for å forlate avdeling, skal den tydeleg seie ifrå til barnet. Dersom primærkontakten er tilstades for barnet i situasjonar som kan vere ubehageleg for barnet, kan dette vere med på å dempe stress for resten av barnegruppa. Ifølge Drugli blir primærkontakten ein base for tilknytning og tryggheit for barnet (Drugli, 2014). Primærkontakten bør arbeide med å bli kjent med barnet gjennom foreldra, slik at den vaksne veit korleis barnet er og kva barnet likar å leike med. Fagereng (2015) hevdar at det er viktig at den vaksne ikkje er for intens og frampå med barnet, den bør la barnet søke og ta kontakt. Primærkontakten bør snakke med foreldra om avskjeden til det enkelte barnet. Det kan vera vanskeleg for nokon foreldra å gå ifrå barnet deira, og dei fleste treng støtte frå primærkontakten (Fagereng, 2015).

Dei tre informantane nyttar ordninga med primærkontakt i barnehagane sine, men det er ulikt korleis primærkontakten arbeidar med barnet i dei forskjellige barnehagane.

Informant A fortel at dei brukar primærkontakt ved at det er den same personen som tek imot barnet første, andre og tredje dagen i tilvenningsperioden. Det er ikkje alle på avdelinga som arbeidar 100%, så på grunn av det, blir det ein anna vaksen som tek imot barnet. Informanten tenker at det er positivt at dei har fleire vaksne å spele på samtidig, for då vert barnet kjent med fleire vaksne.

Informant B seier at dei set opp primærkontakt og seg imellom fordelar dei barn. Ho tykkjer det er ein god måte å gjere det på, for då sørgjar dei for at alle barn og foreldre har ein vaksen å forhalda seg til. På den første tilvenningsdagen kjem det an på kven av dei vaksne barnet tek kontakt med, og då velge dei primærkontakt ut ifrå barnet sin trygghet på dei vaksne. Dei nyttar og primærkontakt på dei gamle barna som er igjen frå tidligare. Dette tenker eg er ein god måte å gjere det på, for ein bør ta like godt vare på dei gamle barna, som dei nye.

Informant B uttrykker: *“Bakdelen med å nytte primærkontakt er at foreldre blir altfor opphengt i den vaksne og forhold seg berre til den eine personen. I tilvenning set me opp at ein som primærkontakt ikkje har meir enn maks to barn samtidig, så langt det rekk. Dersom ein har tre eller fire, så mistar ein fort oversikten. Me fordelar tilvenninga utover fleire dagar, slik at ikkje alle byrjar på same tid. Men ellers så er det jo, måten ein jobbar på er jo det at den går enndå meir inn, og så prøve me å sette opp at i tilvenning så har du ikkje meir enn maks to barn, så langt som det går, samtidig. Slik at du skal ha moglegheit til å ta kontakt med begge to. Har du tre eller fire barn på same tid så miste du fort oversikten. Me har diskutert fram og tilbake om me skal nytte primærkontakt eller ikkje. Det er ein god måte å sikre at alle blir sett og at ein ikkje gløymer nokon. Ved at me nyttar primærkontakt sikrar me at alle barn og foreldre blir sett.”*

Informant B uttrykker kva som kan vere bakdelen ved å nytte primærkontakt og det ser eg sjølv på som eit problem. Det eg tenke er at både foreldra og barn må få like godt forhold til dei andre vaksne, og då er det synd at foreldre blir altfor opptatt av at dei skal snakke med berre den eine vaksne og ingen andre. Dette ser eg på som at kan fort gå ut over barnet, at barnet og forhold seg meir til den vaksne som foreldra absolutt skal snakka med. På ei avdeling tenke eg at foreldre må få like godt forhold til å snakke med dei andre vaksne. Dersom det er ein viktig beskjed frå foreldre, og ein skal seie det berre til sin eigen primærkontakt, tenker eg at det kan gå utover at dei andre vaksne på avdeling ikkje får med seg informasjon som kan vere like viktig for alle å få med seg som gjeld det eine barnet.

Det som informant C fortel under intervjuet er at dei fordelar barn imellom dei vaksne. Den som er primærkontakt arbeidar med å ha fokus på det enkelte barnet og leikar saman med det. Ho uttrykker at det er viktig at den vaksne blir kjent med barnet på ein roleg måte. På hennar avdeling har dei fokus på at primærkontakten er nær barnet, brukar tid, ser etter behov og ønsker hos barnet. I avsnitt 5.4 blir det skrive om samarbeid med foreldre i tilvenningsperioden, og då samarbeidet mellom foreldre og personalet i barnehagen.

5.4 Samarbeid med foreldre

Teorien som eg har nytta i del 3.0 kjem fram i det som informantane fortel under intervjuet. Alle informantane meiner at for at ein skal byggja opp eit godt samarbeid mellom foreldra og barnehage bør ein ha dialog, samtale og kommunikasjon med foreldre dagleg. Killen (2012) hevdar at det er viktig at ein har god dialog med foreldre om barnet sin trivel, og at ein delar erfaring seg imellom. I samfunnsmandatet til barnehagen blir det lagt stor vekt på at foreldre skal få tilbod om samtalar med utdanna personal i barnehagen (Killen, 2012). Slik som eg tenker er det viktig at foreldre kommuniserar alt til personalet og at personalet kommuniserar alt til foreldre. På denne måten får ein fram den viktige informasjonen som ei avdeling bør vite om. Personalet i barnehagen bør arbeide med å få tilliten til foreldre, for at ein skal få til gode samtalar og dialog med foreldre.

To av informantane legg vekt på at personalet på deira avdeling har fokus på barnet sitt beste, og dette vidareformidlar dei til foreldra. Det som omhandlar barnets beste kjem fram i artikkel 3 i barnekonvensjonen. Barnets beste handlar om at ein skal henvenda seg til dei som tek beslutningar som angår barnet og ein skal leggja barnets beste til grunn. Dette som står i Barnekonvensjonen tenker eg ein bør formidla til foreldre til det enkelte barnet (Foss & Lillemyr, 2013).

Personalet i ein barnehage skal gjere det beste for barnet, og då er det viktig at ein får med seg foreldra på samarbeidet. Det er viktig at foreldre og personalet oppnår eit godt samarbeid saman, slik at ein lettare kan arbeide på lag om barnets beste. Det er barnet ein skal ha fokus på, for det er den som er hovudpersonen i barnehagekvardagen. Informantane er enige i at ein lettare kan gje tydelege og klare beskjedar til foreldre ved at ein arbeidar med å oppnå tillit begge vegar.

Under intervjuet fortel informant A og informant C at dei er opptatt av å møte foreldre på både på føremiddag og ettermiddag, for å få til ein samtale om dagen til barnet deira. Det er på føremiddag og ettermiddag at ein har mogelegheit til å gje informasjon til foreldre, og då er det utruleg viktig at ein tek kontakt med dei og gjev dei informasjon om barnet deira. Foreldre er opptatt av deira barn, korleis barnet har det i barnehagen og kven barnet leikar med. Det eg tenke er at alle foreldre ser på deira barn som ein viktig diamant, som både skal ha det godt og bli tatt godt vare på i kvardagen i barnehagen. Heilt klart har personalet eit viktig arbeid med å sjå det enkelte barnet, og la barnet få bli høyrd i kvardagen.

Det kan vera at nokon foreldre slit med å takla at barnet deira skal starte i barnehagen for første gang, og dei kan oppleve det som vanskeleg å overlevera barnet deira til nokon som er heilt ukjente for dei. Dei foreldre som har vanskar med dette treng spesielt støtte og eventuell hjelp til å få anerkjent følelsane sine (Drugli). Då er det viktig at personalet i barnehagen viser respekt og empati for dei foreldra det gjeld. Under intervjuet som eg hadde med informant B fortalte den at nokon

gongar måtte dei be foreldra om å gå, fordi dei brukte for lang tid til å komme seg frå avdeling. Vidare sa informanten at dei laga ein avtale med foreldra at du kan reise heim eller på jobb, og me sende deg ein melding på korleis det går med barnet ditt her på avdeling. Det var nokon foreldre som ønska denne meldingen, men andre ville ikkje vite noko om korleis det gjekk.

Killen hevdar at når barn startar i barnehagen for første gong er det viktig at ein tek med foreldra sin oppfating av barnet deira sine behov og kva slags forhold dei har til barnet. Foreldre som får mogelegheit til å fortelje litt om korleis barnet deira er heime blir glade og fornøygde dersom dei får det spørsmålet av personalet. Dei kan seie kva barnet deira leikar med og korleis dagane er heime. Ved at eit personalet gjer det slik kan dei få eit bilde av kva behov barnet har og korleis foreldra forhold seg til barnet. Når foreldre får sagt dette blir personalet meir informert om kva forventningar og engasjement dei har i barnet som er deira. Dette kan vere med på å stryke korleis personalet kan legge til rette for å dekke omsorga til barnet på avdeling (Killen, 2012).

Eg tenke at dette er ein god måte å starte med å få i gang eit godt samarbeid med foreldre. Det er først og fremst deira meiningar ein skal ta med seg og ha i betraktning. Dersom foreldre ikkje gjev noko informasjon til personalet i barnehagen, klarar ein heller ikkje som personalet å få dekkja barnet sine behov. Dette tenke eg er veldig viktig informasjon som må komme fram til personalet på ein avdeling. Om ein ikkje får vite denne informasjonen går det utover det enkelte barnet, og verken primærkontakt eller anna personal får gjeve dei nødvendige behova til barnet.

6.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg tatt for meg problemstillinga: «*Korleis kan pedagogisk leiar legge til rette for god tilvenning for dei yngste barna i barnehagen?*». Det at eg hadde intervju og samtale med tre utdanna førskulelærarar har gjort til at eg har fått meir kunnskap om korleis dei arbeidar med tilvenning, og kva tankar dei har og sit med.

Det eg har lært gjennom dette prosjektet er at for at ein skal få til ein god tilvenning for dei yngste barna er det meir som skal til enn å berre gjera barnet trygt, for det trudde eg sjølv. Det handlar om at barn skal bli tilknytt til ein primærkontakt, bli trygg, bli kjendt med nye vaksne og nye barn, og det blir ein stor overgang for både barnet og foreldra. For å få til ein god tilvenning er det viktig at ein legg til rette for at barnet blir trygt, at ein ser og høyrer barnet, viser forståelse og er tilstades for barnet. Personalet i ein barnehage, og på ein avdeling har eit utruleg viktig arbeid med det. Det viktigaste av alt er at ein må forstå barnet innanfrå, og ikkje utanfrå. Barn har mange følelsar på innsida, som ein må prøva å forstå og vise medfølelse for. Det som barn uttrykker, bør ein som vaksen ha fokus på å prøve å forstå. Ved at barnet bli forstått innanfrå, så bli barnet meir og meir

trygg. Ein må la barnet få bruka den tida det treng for å bli kjendt og trygg i barnehagen, og på avdeling.

Når det gjeld tilvenning, trur eg ikkje det finst noko fasit på det, men slik som både eg tenker og slik som informantane uttrykte tykkjer eg at ein bør leggja til rette for ein individuell tilvenning. For det er ingen barn som er like ved tilvenning, og då kan det for nokon barn vere for lite med berre tre dagar. Her må ein selfølgelig sjå barnet an, dersom barnet treng fleire dagar med tilvenning. Det som eg tenker er både betryggande for barnet og foreldre er at dei får tildelt ein primærkontakt som dei skal forholde seg til. Eg tenker at foreldre blir meir roleg når dei veit at både dei og barnet skal forhalde seg til ein ansatt i oppstarten. Personalet på ein avdeling bør opparbeida tillit med foreldra til barnet, og det er viktig at ein har ein god dialog med foreldre ved levering- og hentesituasjonen.

I dette bachelorprosjektet har eg lært veldig mykje. Dette temaet hadde eg lite kompetanse om før eg starta, med tanke på at me har hatt svært lite om det i undervisninga. Den kunnskapen og kompetansen eg sit igjen med no har auka betydeleg. Eg har fått fordjupa med i teori og den har gitt meg auka kunnskap, sidan eg legg merke til at den teorien eg har nytta i del 3.0 , stemmer godt overens med dei erfaringane og kunnskapen i dei intervjuar eg hadde.

Litteraturliste

Abrahamsen, G. (1997). *Det nødvendige samspillet*. Oslo: Tano.

Abrahamsen, G. (2015). *Tilknytningsbaserte barnehager*. Oslo: Universitetsforlaget.

Brandtzæg, I., Torsteinson, S., Øiestad, G. (2013). *Se barnet innenfra: hvordan jobbe med tilknytning i barnehagen?* Oslo: Kommuneforlaget.

Broberg, M., Hagström, B. & Broberg, A. (2014). *Tilknytning i barnehagen: Hva betyr trygghet for lek og læring*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Dalland, O. (2012) *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Druglign, M, B. (2014). *Liten i barnehagen: forskning, teori og praksis*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Fagereng, K.M. (2015). *Velkommen til barnehagelivet: oppstart og tilvenning for barn og voksne*. Oslo: Kommuneforlaget.

Foss, E., Lillemyr O.F. (red). (2013). *Til barnas beste – veien til omsorg og lek, læring og danning*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Holme, I.,M. og Solvang, B.,K. (1996). *Metodevalg og metodebruk*. Oslo: Tano. 3 utgave.

Killen, K. (2012). *Forbyggende arbeid i barnehagen: samspill og tilknytning?* Oslo: Kommuneforlaget.

Smith, L. (2002). *Tilknytning og barns utvikling*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Vedlegg 1

Informasjonsskriv om bachelorprosjekt

Student: Kjersti Dalatun, Høgskulen i Sogn og Fjordane, avd Sogndal.

Eg er ein 3 årsstudent ved barnehagelærerutdanninga i Sogndal og iløpet av hausten 2015 skal eg gjennomføre mitt bachelorprosjekt. Tema for oppgåva mi er tilvenning, og følgjande problemstilling er: Korleis kan pedagogiske leiar legge til rette for god tilvenning for dei yngste barna i barnehagen?

Kunne du tenke deg å delta som informant i mitt bachelorprosjekt?

For å skaffe inn data til denne oppgåva vil eg gjennomføre kvalitativ intervju med pedagogiske leiarar frå småbarnsavdeling som har erfaring med barn i tilvenning. Det er ønskeleg for meg å nytte båndopptakar slik at eg får intervjuet til å bli mest mogeleg ordrett og korrekt. Opptaka vil bli sletta etter at dei har blitt transkribert, og alle opplysningar som vil kunne identifisera informanten vil vere anonymisert.

Høyrest dette ut som noko for deg eller har du spørsmål angående prosjektet mitt kan eg kontaktast på mobil: 94984800 e-post: kjersdilatun94@gmail.com

Rettleiaren min under dette bachelorprosjektet er:

Anne Grethe Sønsthagen, e-post: anne.grethe.sonsthagen@hisf.no

Mvh

Kjersti Dalatun

Vedlegg 2

Intervjuguide

Generelt

1. Kjønn?
2. Alder?
3. Kva utdanning har du? Har du noko vidareutdanning?
4. Kor lenge har du arbeida som pedagogisk leiar i barnehagen?
 - Kva aldersgruppe arbeidar du med?
5. Er det noko du lurar på før intervjuet?

Kompetanse

6. Kan du fortelje litt om korleis de lærte om temaet tilvenning i utdanninga di?
7. Føler du at du hadde tilstrekkeleg kompetanse om temaet tilvenning når du kom ut i arbeid?

Tilvenning

8. Kva legg du i begrepet tilvenning?
9. Kva legg du i begrepet tilknytning?
 - Kva legg du i begrepet utrygg og trygg tilknytning?
10. Kva legg du i begrepet trygghet?
11. Korleis er tilvenningsperioden i dykkar barnehage?
 - Kor lenge er/vare tilvenningsperioden i dykkar barnehage?
12. Kva meiner du er det viktigaste når dei yngste barna skal begynne som nye i barnehagen?
13. Tenkjer du at det er lik eller ulik praksis i barnehagane når det gjeld tilvenning? (Om det er like mange tilvenningsdagar?).
 - Kvifor trur du det er slik?
14. Korleis opplever du at tilvenninga for det enkelte barnet går?
 - Er barn like ved tilvenning, eller har du sett ulikheiter?

Samarbeid

15. Nyttar de primærkontakt i barnehagen?
 - Korleis arbeider primærkontakten med barnet som er på tilvenning?
16. Tenkjer du at antall barn per primærkontakt er avgjerande for kor god tilvenninga til barnet blir? På kva måte.

17. Kva tenkjer du skal til for å byggja opp eit godt samarbeid mellom barnehagen og heimen?

- Korleis samarbeidar barnehagen/primærkontakten med foreldra i tilvenningsperioden i barnehagen?

Avslutning

18. Kan du fortelje litt om korleis du syns intervjuet har vore?

19. Er det noko du vil tilføye?